



Arkivnr: 2016/6750-39

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Elin Molven Wilhelmsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.10.2016

Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2016

Samandrag

Frå 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet.

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Summen å fordela til kommunane frå Den kulturelle spaserstokken er 3 000 000 kroner for dette året.

Det er komen inn søknadar frå alle 33 kommunar i Hordaland til ordninga. Samla er det søkt som 4 873 500 kroner.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 3 000 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2016 fordelt slik:

Kommune	Sum
Askøy	92 000
Austevoll	39 000
Austrheim	35 000
Bergen	1 142 000
Bømlo	70 000
Eidfjord	30 000
Etne	53 000
Fedje	14 000
Fitjar	25 000
Fjell	87 000
Fusa	45 000
Granvin	27 000
Jondal	25 000
Kvam	126 000

Kvinnherad	117 000
Lindås	87 000
Masfjorden	36 000
Meland	36 000
Modalen	10 000
Odda	112 000
Os	111 000
Osterøy	68 000
Radøy	41 000
Samnanger	35 000
Stord	116 000
Sund	40 000
Sveio	34 000
Tysnes	34 000
Ullensvang	69 000
Ulvik	37 000
Vaksdal	62 000
Voss	120 000
Øygarden	25 000
SUM	3 000 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.09.2016

Den kulturelle spaserstokken:

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øyremerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Frå 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet tildelar midlar til ordninga som ein del av rammetilskotet til fylkeskommunane.

Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå. Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Alle kommunane i Hordaland har sendt inn søknad 2016. Søknadssummane varierer frå 10 000 kroner til 1 399 500 kroner. Samla søknadssum er 4 873 500 kroner, som viser ei auke på 15 % samanlikna med samla søknadssum i 2015.

Summen å fordela er 3 000 000 kroner.

Generelle merknader:

For å utvikle eit sterkare fagleg fokus på ordninga og byggje nettverk inviterte Hordaland Fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga kommunane til dialogmøte for Den Kulturelle Spaserstokken våren 2015. Hovudhensikta med møtet var erfaringsutveksling mellom kommunekontaktar og innspel til sakshandsaming og vidare arbeid med Den Kulturelle Spaserstokken. Hausten 2015 vart det oppretta ei arbeidsgruppe der alle kommunane var invitert til å delta. Kommunane Fjell, Osterøy, Odda, Os og Kvam har delteke på møter med Kultur- og idrettsavdelinga.

Våren 2016 inviterte Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga til ein dialogkonferanse med kommunane der Den Kulturelle Spaserstokken var eit tema. Arbeidet vidare med arbeidsgruppa for Den Kulturelle Spaserstokken er planlagt hausten 2016 der det m.a. er ei målsetjing å jobbe med å utvikle rapporteringsskjema og sjå på korleis ein vil vidareutvikle nettverket kommunane imellom.

Det er mange ulike modellar for arbeid med Den kulturelle spaserstokken i kommunane i Hordaland. Dette heng også saman med storleiken på den einkilde kommune og såleis storleiken på løyvinga.

Retningslinene for ordninga vart vedteken i sak 13/2015:

Forvaltning av midlane

For fylkeskommunar og kommunar som får over 100.000 kroner av spillemidlane, er det eit krav at renteinntektene av dei tildelte midlane kjem føremålet til gode. Det kan anten gjerast ved at midlane plasserast på eigen renteberande konto, eller ved at renteinntekta reknast ut og vert gjeve som eit tilskot til føremålet. For kommunar som får under 100.000 kr av spillemidlane, er det ønskeleg, men ikkje eit krav om at renteinntektene kjem føremålet til gode.

Vurdering av søknader:

Fylkesrådmannen tilrår at 80 % av midlane vert basert på ei kvantitativ vurdering og at 20 % vert basert på ei kvalitativ vurdering.

Kvantitativ vurdering:

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

Desse personane er sjølv målgruppa i ordninga og fylkesrådmannen vel difor å vektleggje dette kriteriet

med ein fordelingsnøkkel på 60 %.

2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i den kvantitative vurderinga. I ni kommunar utgjorde innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet i 2014. Ein ser at kommunar der denne aldersgruppa utgjer ein større del av lokalbefolkninga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Fylkesrådmannen vel å vektleggje dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 10 %.

3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km² på fastland og øyer (tall er henta frå Statens kartverk). 10 kommunar strekker seg over 500 km², og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000km². Ein ser at i dei største kommunane kan det føreligge større reisekostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er bebudd. Fylkesrådmannen vel å vektleggje kommunane sitt areal med ein fordelingsnøkkel på 10 %.

Kvalitativ vurdering:

Fylkesrådmannen ser det som formålstenleg å fordele 20 % av midlane etter ei skjønsmessig vurdering. Kriterier som vert lagt til grunn for denne vurderinga er følgjande:

- Programinnhald
- Nyskaping
- Utvikling av program
- Samarbeid

Oversyn over tildeling 2015 og søknadssum 2016:

Kommune	Tildelt 2015	Søknadssum 2016
Askøy	95 000	140 000
Austevoll		56 000
Austrheim	40 000	800 000
Bergen	1 215 000	1 399 500
Bømlo	75 000	100 000
Eidfjord		30 000
Etne	58 000	100 000
Fedje		14 000
Fitjar	30 000	50 000
Fjell	90 000	200 000
Fusa	48 000	60 000
Granvin	29 000	40 000
Jondal	26 000	30 000
Kvam	130 000	200 000
Kvinnherad	140 000	185 000
Lindås	90 000	150 000
Masfjorden	40 000	51 000
Meland	40 000	50 000
Modalen		10 000
Odda	115 000	150 000
Os	110 000	160 000
Osterøy	70 000	120 000
Radøy	42 000	42 000
Samnanger	35 000	45 000
Stord	120 000	151 000
Sund	40 000	60 000
Sveio	35 000	50 000
Tysnes	37 000	50 000
Ullensvang	70 000	100 000
Ulvik	40 000	40 000
Vaksdal	64 000	80 000
Voss	125 000	135 000
Øygarden	36 000	25 000
SUM	3 085 000	4 873 500

Kommunane Austevoll, Eidfjord, Fedje og Modalen søkte ikkje denne ordninga i 2015 og står difor ikkje oppført med tildeling det året.

Vurdering av søknadane

A. Kvantitativ vurdering

80 % av midlane vert basert på ei kvantitativ vurdering, som er basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning og 3) Areal.

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

I Hordaland bur det 53 013 personar over 70 år (basert på tall henta frå www.statistikk.igest.no). Desse personane er sjølve målgruppa i ordninga og fylkesrådmannen vel difor å vektleggje dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 60 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel):

Kommune	Busette over 70 år i kommunen	Prosentdel av eldre (70+) i Hordaland busett i kommunen
Bergen	28349	51,94 %
Askøy	2336	4,28 %
Voss	2119	3,88 %
Stord	1874	3,43 %
Kvinnherad	1867	3,42 %
Fjell	1832	3,36 %
Os	1743	3,19 %
Lindås	1646	3,02 %
Kvam	1270	2,33 %
Bømlo	1258	2,31 %
Odda	1120	2,05 %
Osterøy	916	1,68 %
Vaksdal	661	1,21 %
Sund	614	1,13 %
Meland	608	1,11 %
Radøy	601	1,10 %
Ullensvang	565	1,04 %
Austevoll	542	0,99 %
Etne	540	0,99 %
Fusa	534	0,98 %
Sveio	525	0,96 %
Øygarden	488	0,89 %
Tysnes	465	0,85 %
Austrheim	373	0,68 %
Fitjar	311	0,57 %
Samnanger	310	0,57 %
Masfjorden	292	0,54 %
Ulvik	202	0,37 %
Jondal	188	0,34 %
Granvin	149	0,27 %
Eidfjord	139	0,25 %
Fedje	95	0,17 %

Modalen	44	0,08 %
---------	----	--------

2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i den kvantitative vurderinga. I ni kommunar utgjer innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet. Ein ser at i kommunar der denne aldersgruppa utgjer ein større del av lokalbefolkninga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Fylkesrådmannen vel å vektleggje dette kriteriet med ei fordelingsnøkkel på 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel):

Kommune	Lokalt innbyggjartal	Prosentdel av innbyggjarar over 70 år
Ulvik	1116	18,10 %
Masfjorden	1701	17,17 %
Jondal	1104	17,03 %
Tysnes	2797	16,62 %
Ullensvang	3401	16,61 %
Fedje	576	16,49 %
Granvin	920	16,20 %
Odda	6930	16,16 %
Vaksdal	4125	16,02 %
Eidfjord	925	15,03 %
Kvam	8475	14,99 %
Voss	14425	14,69 %
Kvinnherad	13271	14,07 %
Fusa	3876	13,78 %
Etne	4106	13,15 %
Austrheim	2858	13,05 %
Samnanger	2443	12,69 %
Radøy	5077	11,84 %
Modalen	381	11,55 %
Osterøy	7957	11,51 %
Bømlo	11778	10,68 %
Austevoll	5118	10,59 %
Lindås	15607	10,55 %
Bergen	277391	10,22 %
Øygarden	4852	10,06 %
Stord	18775	9,98 %
Fitjar	3140	9,90 %
Sveio	5593	9,39 %
Os	19742	8,83 %
Sund	6975	8,80 %
Askøy	28380	8,23 %
Meland	7812	7,78 %
Fjell	24870	7,37 %

3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km² på fastland og øyer (tall er henta frå www.statistikk.igest.no). 10 kommunar strekker seg over 500 km², og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000km². Ein ser at i dei største kommunane kan det føreligge større reisekostnadar for å sørgje for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er bebudd. Fylkesrådmannen vel å vektleggje kommunanes areal med ei fordelingsnøkkel på dei resterande 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel)

Kommune	Areal i km	Prosentdel i forhold til Hordaland
Voss	1806	11,70 %
Odda	1616	10,47 %
Eidfjord	1491	9,66 %
Ullensvang	1399	9,06 %
Kvinnherad	1091	7,07 %
Etne	735	4,76 %
Ulvik	721	4,67 %
Vaksdal	715	4,63 %
Kvam	616	3,99 %
Masfjorden	556	3,60 %
Lindås	475	3,08 %
Bergen	465	3,01 %
Modalen	412	2,67 %
Fusa	378	2,45 %
Samnanger	269	1,74 %
Tysnes	255	1,65 %
Osterøy	255	1,65 %
Bømlo	247	1,60 %
Jondal	247	1,60 %
Sveio	246	1,59 %
Granvin	212	1,37 %
Fjell	148	0,96 %
Stord	144	0,93 %
Fitjar	142	0,92 %
Os	140	0,91 %
Austevoll	117	0,76 %
Radøy	111	0,72 %
Askøy	101	0,65 %
Sund	100	0,65 %
Meland	93	0,60 %
Øygarden	67	0,43 %
Austrheim	58	0,38 %
Fedje	9	0,06 %

B. Kvalitativ vurdering

20 % av midlane utgjer ei sum på 600 000 kroner og denne vert fordelt etter ei skjønsmessig vurdering med grunnlag i kriteria programinnhald, nyskaping, utvikling av program, samarbeid, jf. retningslinene.

Søknader og rapportar viser at alle søkjarane jobbar aktivt med Den kulturelle spaserstokken. Det er mange ulike organiseringar i kommunane, der kommunal forankring er vanleg og ein ser i fleire søknader at eldrerådet er inne i samarbeid om ordninga. Det er ofte eit breitt eigarforhold i kommunen til Den kulturelle spaserstokken. Fylkesrådmannen ser det og som føremålstenleg at kommunane også samarbeider på tvers av kommunegrensar. Ein kan m.a. initiere og turnere felles kunstnarlege program. Det bør også verte vurdert kva rolle eventuelt fylkeskommunen kan spele i denne samanheng.

Mange kommunar har eit program for Den kulturelle spaserstokken som er ei blanding av amatørinnslag og profesjonelle utøvarar. Dette kan gi eit breitt og godt tilbod. Dei statlege midlane (fylkeskommunal tildeling) skal gå til profesjonelle arrangement, og kommunane må sjølv finansiere amatørinnslag. Jf. Kulturlova har kommunane ansvar for å tilby kulturopplevingar til sine innbyggjarar, uansett alder og funksjonsnivå.

Det administrative arbeidet med ordninga må kommunane sjølv stå for og finansiere. Det er ulikt kva den einskilde kommune sjølv bidreg med. Dei fleste stiller med noko administrativt arbeid og omlag halvparten har i tillegg sett av midlar til ordninga utover dette. Fylkesrådmannen har vurdert eigeninnsats og – finansiering som positivt, og viktig, og såleis tilrådd skjønsmessig påslag m.a. grunna dette.

Fylkesrådmannen ser det breie eigarforholdet som positivt og riktig. Då dette er midlar som skal gå til profesjonell kunst ser ein det også som viktig at den kulturfaglege kompetansen er representert i arbeidet.

Fylkesrådmannen ser at mange prioriterer program for eldre på institusjon. Dette er forståeleg utifrå ein tanke om at desse vanskeleg kan tileigne seg kulturtilbod på anna måte. Dette kan gjere at programma såleis vert noko tradisjonelle. Fylkesrådmannen ser positivt på desse tradisjonelle tiltaka og ser at dei kan gagne brukarane, men ein meiner det også ligg potensiale for meir utfordrande og varierte kunstopplevingar, også for eldre på institusjon. Fylkesrådmannen vil difor oppmuntre til utvikling av ordninga gjennom meir nyskapande aktivitetar, og har difor tilrådd eit lite påslag til dei som jobbar for å utvikle nye former for tiltak.

I denne oversikta har fylkesrådmannen gitt kommentarar til innstilling på tilrådd kvalitativ fordeling. Kommentaraner må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, søknadssum, samt tildelinga i 2015.

Samla tilråding er i heile tall, difor er summene i den kvalitative fordelinga annleis enn korleis ein elles ville ha presentert desse. I søknadane er det budsjetterert eit tal planlagde arrangement, som er referert til under, som truleg må justerast i forhold til løyvd sum i nokre av kommunane.

Midlar som ikkje vert nytta i løpet av 31. desember 2017 skal betalast tilbake til fylkeskommunen, satt på fond og vil takast med i seinare tildeling.

Oversyn over alle kommunane (alfabetisk rekkefølge):

Kommune	Kvalitativ fordeling	Grunngjeving
Askøy	7 106	Planlegg 25 arrangement, noko som er ei nedgang frå søknaden i fjor der 40 tiltak vart planlagt. Fleire ulike arenaer er planlagt å nytte til arrangementa. Kommunen har hatt eit godt tilbod gjennom denne ordninga i fleire år men er no noko nedbemanna knytt til kulturfagleg ressurs til dette arbeidet.
Austevoll	11 271	Planlegg 38 arrangement. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid lokalt.
Austrheim	12 236	Planlegg 8 arrangement, noko som er ei lita nedgang frå søknaden i fjor der det var planlagt 12 arrangement. Breitt kommunalt tverrfagleg samarbeid om organisering av ordninga. Jobbar med ei brei målgruppe blant dei eldre.

Bergen	190 658	Planlegg 348 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunen er ambisiøs i forhold til utvikling av ordninga og har i fleire år finansiert ei eiga stilling til dette arbeidet. Kommunen har ei noko lågare eigenfinansiering samanlikna med søknaden frå i fjor.
Bømlo	16 066	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid med andre offentlege instansar. Kommunen har og sett av 100 000 kroner i eigenfinansiering.
Eidfjord	0	Kommunen har søkt 30 000 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum.
Etne	11 501	Planlegg 35 arrangement, noko som er ei lita auke frå søknaden i fjor. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid lokalt. Kommunen har sett av 115 000 kroner i eigenfinansiering.
Fedje	0	Kommunen har søkt 14 000 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum.
Fitjar	4 891	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid lokalt. Planlegg 4 arrangement.
Fjell	18 423	Kulturskolen koordinerer arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar. Planlegg 21 arrangement med god fagleg variasjon. Skal i haust setje ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide nye mål og visjonar for ordninga.
Fusa	10 188	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeider med andre kommunar og har gode samarbeid lokalt. Planlegg 14 arrangement, noko som er ei nedgang frå søknaden i fjor.
Granvin	6 375	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid lokalt. Planlegg 12 arrangement og har dialogmøter med eldrerådet og pensjonistlaget i planlegginga av tilboda.
Jondal	1 819	Koordinering av ordninga ligg til sentraladministrasjonen, og samarbeider med felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Planlegg 6 arrangement og arbeider med å finne gode samarbeidspartnarar og ønskjer å få på plass møter på tvers av generasjonane.
Kvam	61 419	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar og organisasjonar. Det vert lagt stor vekt på nyskaping og utvikling av tilboda, gjerne i samarbeid med festivalar og kunstinstitusjonar/- organisasjonar. Planlegg 40 arrangement med høg kvalitet og fagleg breidde.
Kvinnherad	24 150	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid lokalt. Planlegg 15 arrangement, noko som er ei stor nedgang frå søknaden i fjor (40 arrangement). Jobbar med å nå ut til eldre der dei bur gjennom «eldrekafé i bygdene». Har ei målsetjing å evaluera og revidera/vidareutvikla si eiga plan for den kulturelle spaserstokken frå 2008.
Lindås	15 933	Sjukeheimstenesta i kommunen har ansvar for koordinering av arbeidet. Planlegg 60 arrangement med noko fagleg breidde i programinnhaldet.
Masfjorden	3 276	Kulturelt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med fleire organ i kommunen. Planlegg 12 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet.
Meland	8 571	Ei arbeidsgruppe som består av representantar frå Eldrerådet, Helselaget og Frivilligsentralen organiserer arbeidet med ordninga. Dei jobbar med å nå ei breiare gruppe og utvikle ordninga, og har m.a. samarbeid med DKS lokalt. Planlegg 15 arrangement med noko fagleg breidde i programinnhaldet. Samarbeider med Lindås kommune.
Modalen	0	Kommunen har søkt 10 000 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum.

Odda	32 092	Planlegg 20 arrangement, noko som er ei lita auke frå søknaden i fjor. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Har gode samarbeid med både offentleg og frivillig sektor, samt profesjonelle kulturorganisasjonar. Stor fagleg breidde i programinnhaldet.
Os	44 466	Planlegg 50 arrangement, noko som er ei lita auke frå søknaden i fjor. Fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunen har satsa mykje på kultur på eldre og har gjennom nokre år hatt ei kulturfagleg aktivitetskoordinator til dette arbeidet, som samarbeider breitt. Samarbeider med Fusa, Samnanger og Kvam. I tillegg har kommunen 100 000 kroner i eigenfinansiering.
Osterøy	24 599	Arbeidet med ordninga vert administrert av Folkeakademiet Osterøy. Det er planlagt 43 arrangement, som er ei lita auke frå søknaden i fjor. Noko fagleg breidde i programinnhaldet.
Radøy	10 553	Frivilligsentralen i kommunen koordinerer arbeidet. Gode samarbeid lokalt og samarbeider med Lindås kommune. Planlegg 55 arrangement, som er ei stor auke frå planlagde arrangement i søknaden frå i fjor (11). Fagleg breidde i programinnhaldet.
Samnanger	10 463	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med kommunar, kulturskulen, Eldrerådet, lag og organisasjonar. Planlegg 44 arrangement med fagleg breidde.
Stord	44 246	Planlegg 25 arrangement, som er ei god auke på søknaden i fjor (17). Samarbeider med Fitjar kommune. Fagleg breidde og høg kvalitet i programinnhaldet. Kommunalt kulturfagleg forankra med breitt samarbeid og eit eiga ansvarsgruppe for ordninga.
Sund	11 506	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Planlegg 60 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet. Samarbeid med helse- og omsorgseininga i kommunen, Folkeakademiet, eldrerådet, samt frivillige lag og organisasjonar. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 40 000 kroner i eigenfinansiering til føremålet.
Sveio	5 182	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid, m.a. med Sveio senioruniversitet. Planlegg 12 arrangement, som er ei lita auke frå søknaden i fjor.
Tysnes	1 807	Leiar ved Tysnes sjukeheim organiserer arbeidet med ordninga. Planlegg 8 arrangement, noko som er ei lita nedgang frå søknaden i fjor. Lite fagleg breidde.
Ullensvang	11 289	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeider med Odda kommune og har gode samarbeid lokalt, m.a. med eldrerådet, frivilligsentral og omsorgstenesta. Planlegg 23 arrangement, som er ei auke frå førre søknad. Fagleg breidde i programinnhaldet. Jobbar med å vidareutvikle ordninga.
Ulvik	3 370	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med eldreråd, pensjonistlag, sjukeheim og Haugesenteret. Planlegg 6 arrangement totalt.
Vaksdal	14 837	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Planlegg 40 arrangement, som er ei lita nedgang samanlikna med førre søknad (42). Fagleg breidde i programinnhaldet. Samarbeider med Vaksdal eldreråd og institusjonar lokalt.
Voss	4 494	Eldrerådet og Helse- og omsorgsavdelinga organiserer arbeidet med ordninga. Kultureininga er ikkje inne i dette arbeidet. Planlegg 35-40 arrangement.
Øygarden	406	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Kommunen har søkt 25 000 kroner og den kvantitative utrekninga er 24 594 kroner.